



Saksframlegg

Moglegheitstudie Stykkjevika - ny behandling

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 23/24 25.04.2024 å kjøpe Stykkjevika gbnr. 36/3. Eigedomen vart overført til Fyresdal kommune 20. juni 2024. Området vart erverva med bakgrunn i å sikre ålmenta tilgang til friluftsområdet. I etterkant av kjøpet har kommunen motteke mange førespurnader angående ønskje om bruk av området.

Saka var oppe til behandling 28.11.2024, men vart utsett med bakgrunn i budsjett avklaringar. Den var vidare oppe til behandling 12.12.2024, og vart da utsett i påvente av avklaring om datasenter etablering.

Det har sidan kome til nye moment i saka, dei er omtalt under kortsiktige tiltak.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte

Stykkjevika blir i dag nytta som badestrand for innbyggjarar i heile kommunen. Området er og mykje brukt som turområde til fots, på sykkel og til hest. Sommarstid er det stor pågang av bubilar som villcampar i området, nokon over lengre periodar. Trollrally er eit årleg innslag i august.

Arealet er i reguleringsplan for Molandsmoen industri og friluftsområde regulert til Fritids- og turistformål, LNF-formål, Badeplass, Friluftformål, naturformål og andre idrettsanlegg.



Fortsett vi slik det er i dag?

Stykkjevika er i dag hovudsakleg badestrand og turområde. Motorsykkellarrangementet Trollrally skjer årleg i august.

Bubilar bruk av området er stadig aukande og utan nokon form for styring i opphaldstid og plassering.

Det opplevast at ikkje all aktivitet som er i området i dag nødvendigvis er positiv for ålmentas bruk av området.

Mangel på offentlig toalett/servicebygg og styring av ferdsel og opphald i området fører til søppel og tilgrising.

Kva ønskjer vi for Stykkjevika i framtida?

Det er mange førespurnader om ulike type tiltak i området, f.eks Trollrally, festival, speidar, rideanlegg, camping.

Kva vil vi ha i Stykkjevika, kan det vere plass til forskjellige aktivitetar?

Er det mogleg å hente inntekt ut av bubilturistar eller anna aktivitet i området?

For å bruke området til det beste for flest mogleg er det nødvendig og tenkje heilskapleg.

Det er og viktig å ta vare på særpreget til Stykkjevika som badestrand, stranda og skogområdet mot Dalåa har i reguleringsplanen omsynssone for bevaring av naturmiljøet.

Korleis finn vi den «rette» bruken?

Kommunen har fått fleire ønske om bruk av området, men kanskje er det fleire som har tankar om kva Stykkjevika skal brukast til i framtida.

Kva skal prioriterast?

Er det ønskje om å utvikle området med nye aktivitetar?

For å finne kva løysingar som kan vere mogleg å få til må ein sjå heile området under eit. Om ein ikkje har ein heilskapleg tankegang kan fort eit tiltak gjere at ein låser eit større areal enn nødvendig.

Stykkjevika på kortsikt

Vi vil oppleve den same bruken av Stykkjevika i sommar som tidlegare år. Og vi observerer at arrangement som er planlagt i sommar reklamerer for gratis camping i Stykkjevika.

I påvente av meir permanente tiltak bør ein derfor gjere enkle tiltak som tek betre vare på området for alle.

Det kan for eksempel vere:

- Fysiske sperrer slik at bilar ikkje kan køyre mellom trea og ut på stranda
- Frivillig parkeringsavgift / overnattingsavgift, lik parkeringsavgifta knytt til Hamaren, for eksempel parkering over 6 timer // 150 kr.
- Handtering av avfall (konteiner-tømmerutiner)
- Trollrally har ei avtale om leige av området i Stykkjevika. Dette bør også gjelde andre arrangement som markedsfører Stykkjevika til overnattingsområde, for eksempel Fallskjerm arrangement.

Konklusjon:

Stykkjevika betyr mye for mange og det vil vere viktig å lytte til innbyggjarane for å få ei løysing som blir best mogleg for flest mogleg. Dette kan løysast med ei moglegheitsstudie som ser på dei ønskja som ligg på bordet i dag, men som og gjennomfører ein medverknadsprosess for å høyre kva innbyggjarane tenkjer om framtida til Stykkjevika. Moglegheitsstudiet vil krevje ei finansiering på minimum 250 000 kr.

Det vil fortløpande sendast inn søknader til prosjektfinansiering frå relevante verkemiddelapparat i tillegg for å ha moglegheit til å gå djupare inn i studien.

Administrasjonen gis fullmakt til gjennomføring av kortsiktige tiltak.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret er positive til å sjå på moglegheitene for ein heilskapleg utvikling av Stykkjevika, og gjev fullmakt til kommunedirektøren til å sette i gang ei moglegheitsstudie for Stykkjevika. Det settast ei ramme på kr 250 000,-, pengane hentast frå disposisjonsfondet.

Administrasjonen gis fullmakt til gjennomføring av kortsiktige tiltak.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør